

Nettverk for Berekraftige bygg i Møre og Romsdal

Tredrivaren i Møre og Romsdal inviterer til samling i Trondheim 1.-2. november 2017.

Tema for samlinga:

- Materialval og energiløysingar.
- Innovative anskaffingar.
- Eksempler frå Lade skole og Jarlevegen omsorgsboliger i Trondheim.

Dato: 1.-2. november, lunsj til lunsj.

Stad: Scandic Lerkendal, Trondheim.

Påmeldingsfrist: 17.10.2017.

Ansvarleg: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, NHO Trøndelag, NHO Telemark.

Tredrivaren tingar romma og betalar opphaldet, det vil si lunsj dag 1 og 2, middag dag 1, overnatting og frukost. Reisa må deltakarane bestille og dekkje sjølv.

Målgruppe

Alle som er involverte i planlegging og bygging av offentlege bygg i Møre og Romsdal, til dømes leiare for utbyggingsavdelinga/ eigedom /kommunalteknikk, rådmenn og politikarar, andre administrative representantar som er involvert i vedtaks-, innkjøps- og investeringsprosessar i kommunane.

På denne samlinga skal vi vere saman med tilsvarende nettverk frå Telemark og Trøndelag.

Føremål

Klima- og energiplanen for Møre og Romsdal har mål om å redusere klimagassutslepp med minimum 10 % innan 2020 basert på nivået i 2009. Eit av tiltaka for å nå målet er å auke bruken av tre som byggemateriale. Offentlege innkjøp er eit viktig verktøy for å nå dei nasjonale klimamåla, det kan gjerast gjennom innovative offentlege anskaffingar.

På samlinga skal vi sjå på konkrete eksempel på berekraftige bygg i tre og innovative anskaffingar.

Mål

Bidra til at fleire offentlege bygherrar bygger berekraftig ved å styrke kompetansen om tre som byggemateriale og innovative anskaffingar, samt etablera nettverk for kunnskapsdeling og felles kunnskapsbygging for å redusera klimagassutslepp frå offentlege bygg.

Det er elektronisk bindande påmelding innan 17.10. 2017. Påmeldingsskjema finn du lenger ned på denne sida. Spørsmål knytt til påmeldinga kan rettast til fmmrkurs@fylkesmannen.no.

Kontaktperson

Christina Qvam Heggertveit: christina.qvam.heggertveit@fylkesmannen.no, dir. 71258572.

Foreløpig program - Fokus på bærekraftig bygg - både materialvalg/bruk av tre og energiløysningar.

ONSDAG 1. nov	
12.00 - 13.00	LUNSJ
13.00 - 13.15	Velkommen - hensikt med samlingen/opplegg for disse 2 dagene. Praktiske opplysninger.
13.15 - 14.00	Åsmund Bunkholt, Trefokus. Materialvalg - bruk av tre
13.30 - 14.00	Skanska - nytt Powerhouse for Entra Eiendom - fokus på energiløsninger
14.00 - 17.00	Ekskursjon til 2 referanseprosjekter i Trondheim Lade skole. Jarleveien omsorgsboliger.
18.30	Felles middag
TORSDAG 2.NOV.	
08.30 - 08.45	Innovative anskaffelser som metode i bygganskaffelser
08.45 - 09.30	Hvordan planlegge og gjennomføre bygganskaffelser slik at vi bygger bærekraftig? Hva er utfordringene? Hva er suksesskriteriene?
09.30 - 10.00	Innlegg fra arkitekt/rådgiv. Ing.
10.00 -10.30	Innlegg fra EBA (entreprenørsiden)
10.30 - 11.00	PAUSE
11.00 - 11.45	3 prosjekter - 1 prosjekt fra hvert nettverk presenteres
11.45 - 12.30	Gruppearbeid
12.30 - 13.30	LUNSJ og vel hjem